

Datert: 02.04.2024

Sist oppdatert: 02.10.2024

Etne kommune

Folkehelseoversikta 2024-2028



Ord frå kommunedirektøren

Me i kommunen har arbeidd med å utarbeide folkehelseoversikta for 2024-2028. Dette dokumentet er meint å vere eit viktig verktøy for oss alle, for å forstå og betre helse og trivselen i vårt lokalsamfunn.

Først, la oss snakke om kva folkehelseoversikta betyr for oss. Målet er å gi ei klar oversikt over helsetilstanden og helseutfordringane i Etne kommune. Oversikta hjelper oss å planlegge og setje i verk tiltak som kan forbetre helse for alle innbyggjarane våre, og skal ligge til grunn for arbeidet med den kommunale planstrategien.

Folkehelsearbeidet i kommunen er regulert av folkehelselova, som fortel oss korleis me skal arbeide systematisk med helse i kommunen. Me må sørge for at alle innbyggjarane våre har tilgang til god helseinformasjon og helsetenester. Me må også identifisere og jobbe med faktorar som kan påverke helse vår negativt. Når me snakkar om helse, tenker me ikkje berre på den enkelte sin helse, men på helse til heile befolkninga vår. Dette inkluderer alt frå fysisk og mental helse til det sosiale og økonomiske miljøet som påverkar oss. Me veit at god helse ikkje berre handlar om å vere fri for sjukdom. FN sine berekraftsmål minner oss om at aspekt som god utdanning, likestilling, og eit sunt miljø er essensielle for god helse.

Forskrift om oversikt over folkehelse sikrar at me samlar inn og brukar riktig og relevant informasjon for å forstå helsetilstanden i kommune vår. Ein utfordring med å bruke statistikk i slikt arbeid er at den ikkje alltid viser dei fulle detaljane eller forklarar årsakene bak helseutfordringane. Likevel gir den oss eit godt grunnlag for å forstå dei generelle trendane og behova i samfunnet vårt.

Befolkningsframskrivingane tyder på at me vil sjå endringar i talet eldre og yngre, noko som vil påverke kva slags helsetenester og sosiale tilbod me treng i framtida. Me ser også trendar i tilflytting og utflytting, som fortel oss om korleis befolkningsammansetninga i kommunen vår endrar seg. Det er viktig for oss å forstå kor innvandarane våre kjem frå og kvifor dei flyttar hit, slik at me kan legge til rette for tenester og støtte som møter også deira behov.

Kommunen har ansvar for informasjon, råd og rettleiing om kva den enkelte sjølv, og befolkninga, kan gjere for å fremme helse og førebygge sjukdom. Vårt mål er å sikre at Etne kommune er ein sunn og god stad å leve i for alle innbyggjarane våre.

Med venleg helsing,

Filippo Ballarín

Kommunedirektør



Innhald

SAMANDRAG	5
Korleis folkehelseutfordringane gjer seg til kjenne i Etne kommune	6
Andre funn som peikar seg ut i folkehelseoversikta for Etne kommune	7
METODIKK OG DATAKJELDER	9
FN sine mål for berekraft.....	9
Folkehelseoversikta for Vestland 2023-2027	10
Folkehelseprofilen for Vestland	10
Folkehelseprofilen for Etne	10
Oppvekstprofilen for Etne	10
Manglar ved oversikta	10
A – SAMANSETNADEN I BEFOLKNINGA Kven er innbyggjarane i Etne?.....	11
Ønska utvikling	12
B – OPPVEKST- OG LEVEKÅRSFORHOLD	12
Oppvekst.....	12
Ressursar	12
Utfordringar.....	13
Tilbod.....	14
Skule	14
Barnehage.....	14
Kulturskule.....	14
Bibliotek.....	14
Ungdomsklubb	14
Ungdomsråd	14
Familieteam	14
Vaksenopplæring.....	14
Språk-kafé.....	14
Bli Z	14
Uorganiserte aktivitetar	14
Refleksjon	15
LEVEKÅR	15
Ressursar	15
Utfordringar.....	16
Tilbod.....	16
Refleksjonar.....	17



SENIORFORHOLD	17
Ressursar	18
Utfordringar.....	18
Tilbod.....	18
Refleksjonar	18
C - FYSISK, BIOLOGISK, KJEMISK OG SOSIALT MILJØ	19
FYSISK MILJØ	19
Ressursar	19
Utfordringar.....	19
Tilbod.....	20
Refleksjon	20
BIOLOGISK OG KJEMISK MILJØ.....	20
Ressursar	20
Utfordringar.....	20
Tilbod.....	20
Ønska utvikling	20
Refleksjon	21
SOSIALT MILJØ.....	21
Ressursar	21
Utfordringar.....	21
Tilbod.....	21
Refleksjon	22
D – SKADER OG ULUKKER.....	22
Ressursar	22
Utfordringar.....	22
Tilbod.....	22
Refleksjon	23
E-F – HELSERELATERT ÅTFERD OG HELSETILSTAND	23
Ressursar	23
Utfordringar.....	24
Tilbod.....	25
Refleksjon	25
REFERANSELISTE.....	27



SAMANDRAG

Folkehelseoversikta for Etne kommune er utarbeidd for å gi en detaljert oversikt over helsestatus og helseutfordringane blant innbyggjarane, i samsvar med krava i folkehelselova og forskrift om oversikt over folkehelsa. Dette dokumentet er meint som eit grunnlag for kommunen til å planlegge og iverksette helsefremjande tiltak, og det inneheld viktig informasjon om faktorar som påverkar innbyggjarane sin fysiske og psykiske helse, samt deira sosiale og økonomiske levekår. Målet er å sikre at alle tiltak og ressursar blir retta mot å forbetre folkehelsa på en effektiv og inkluderande måte.

Frå 2020 til 2024 har folkehelseprofilen for Etne kommune skifta fokus frå breiare sosial berekraft, til meir spesifikk omsorg for den eldre befolkninga. Sjølv om økonomiske forhold har halde seg stabile og gode, er det aukande merksemd rundt helserelaterte utfordringar og livskvalitet blant eldre. Dette speglar ei samfunnsending der behova til ein aldrende befolkning blir stadig meir sentrale i folkehelsearbeidet, med eit fortsatt grunnleggande fokus på trygge og inkluderande lokalsamfunn.

I arbeidet med oversikta er det i tillegg til auka merksemd kring helserelaterte utfordringar og livskvalitetar blant eldre, identifisert tre hovudutfordringar kring born og unge sin psykiske helse; born som lever i familiar med vedvarande låg inntekt, deltaking i fritidsaktivitetar, og psykososialt skulemiljø.




Foto: Nina Straumøy

Funna i Etne kommune sin folkehelseoversikt stemmer godt overens med folkehelseutfordringane som går fram av den regionale folkehelseoversikta for Vestland.

Figur 1 Dei fire folkehelseutfordringane for Vestland fylke. Kjelde: Folkehelseoversikta for Vestland 2023-2027.



1 Utfordring nr. 1: Sosial ulikskap i helse



2 Utfordring nr. 2: Demografiske endringar



3 Utfordring nr. 3: Psykisk helse og livskvalitet



4 Utfordring nr. 4: Klimaendringar

Korleis folkehelseutfordringane gjer seg til kjenne i Etne kommune



1 Utfordring nr. 1: Sosial ulikskap i helse

- Om lag 1 av 3 i kommunen har høgskule eller universitetsutdanning, noko som er langt lågare enn snittet for Vestland (1 av 2).
- Det er få mannlege pedagogar i barnehage og skule. Ved utgangen av 2023 var 1 av 10 personar menn i oppvekst, der flest er i Enge skule og kulturskulen. Det er ingen menn i dei kommunale barnehagane.
- Sjølv om det var ein liten nedgang i tal sosialhjelpsmottakarar frå 2019-2022, var det ei auke frå 2021-2022. Talet på born i familiar som mottar økonomisk sosialstønad er over Vestland fylke og landet. Del born som bur i hushaldingar med vedvarande låg inntekt, er lågare enn landet.
- Del personar som er under arbeidsavklaring mellom 18 og 67 år har gått opp, der den største auken er i gruppa mellom 30 og 67 år.
- Delen over 45 år som leiger bustad er høgare enn Vestland fylke og landet.



2 Utfordring nr. 2: Demografiske endringar

- Delen eldre i befolkninga er høgare enn landsgjennomsnittet, noko som medfører spesifikke behov og utfordringar for kommunen, særleg relatert til helse og omsorg.
- Estimata for kommunen viser om lag 100 % auke i tilfelle med demens i perioden 2020-2050, frå 104 til 211 personar.
- Det er periodevis venteliste for langtids plass på sjukeheim, noko som fører til feil utnytting av korttids plass og heildøgns bemanna bustadar.
- Førekomsten av kreft er over landsgjennomsnittet, og det er særleg kreft i fordøyelsesorgan hos kvinner over 75 år som aukar.



3 Utfordring nr. 3: Psykisk helse og livskvalitet

- **I følge Ungdata24 svarer 82% av ungdomskuleelevane at dei trivst på skulen, medan 26% ofte gruer seg til å gå på skulen.**
- I Etne har me mindre psykiske lidningar enn i landet forøvrig, men me ligg over gjennomsnittet i vestland fylke. Trenden har likevel vore sterkt negativ i perioden 2018-2020, særleg for kvinner. I aldersgruppa 15-24 år er det mange fleire som nå nyttar seg av primærhelsetenesta for symptom knytt til angst og depresjon, enn tidlegare. Det er færre eldre kvinner som har symptom, men me ser ei auke av lidningar innanfor det same registeret.
- Del elevar i 10. klasse som melder at dei har vorte mobba er høgare i Etne enn for landet.
- **Tal personar i slåsskamp har auka. Det gjeld tilfella både med og utan våpen. Ungdata24 viser at 28% av ungdomsskuleelevane siste året har opplevd at ein anna ungdom har slått, sparka, rista hardt, lugga eller liknande.**
- Det er ei auke i bruk av primærhelsetenesta (lege og fysioterapi) for muskel og skjelettplager (utan brot og skader), særleg stor auke hos jenter i alderen 0-14 år, og menn i aldersgruppa 45-74 år.



4 Utfordring nr. 4: Klimaendringar

- Det meste av trafikkstøy kjem frå E134 og støykarta viser at det er ein god del husstandar som ligg i både gul og raud støysone.
- Ei spørjeundersøking frå Ungdata19 viser at 31 % var nøgde med kollektivtilbodet i kommunen, halvparten av snittet i fylket og landet.
- Det er venta klimaendringar for Vestland fylke, som tilseier ei temperaturauke, auka nedbør og reduksjon i snømengd. I tillegg er det venta meir ekstremvær i form av nedbør og vindar som og fører til auka ras/skred- og flaumhendingar. Åkrafjorden var blant dei som hadde flest skredhendingar i Vestland (2018).

Andre funn som peikar seg ut i folkehelseoversikta for Etne kommune

- Ungdomsskuleelevar i kommunen er svært godt nøgde med foreldra sine, over snittet i landet.
- Ungdomsskuleelevar rapporterer at dei har vener dei kan stola på, over snittet i landet.
- Dei fleste 5. - 7. klassingane rapporterer at dei trivst på skulen (86%).
- Alle elevane med karakter 4 i gjennomsnitt eller meir når dei gjekk ut av 10. klasse i 2019 fullførte vidaregåande opplæring. Landssnittet er til samanlikning på 73,2%.
- Det er aukande skjermtid hos unge i heile landet. I Etne har del ungdom som nyttar meir enn 3 timar skjerm kvar dag auka frå 70% til 78% i tidsrommet 2021 – 2024.
- Etne kommune manglar undersøkingar som kartlegg psykososialt miljø i barnehage.
- Del av elevane på ungdomstrinnet som har vore rusa på alkohol i løpet av det siste året er nå på 8%. Dette er ein nedgang frå 2021 (12%). Det er færre vaksne menn og kvinner (samla) som opplyser at dei drikk 2 gonger i veka eller oftare enn i fylket.
- I følge Ungdata24 er del ungdommar som røyker dagleg i Etne 1%. Dette er tilsvarande landsgjennomsnittet. I Folkehelseundersøkinga ser me at vaksne menn i Etne røyker meir enn andre Vestlendingar. Dei brukar like mykje snus som «samfylkingar». Røyking doblar risikoen for hjerneslag. I tillegg forårsakar røyking KOLS og fleire typar kreft.
- Del av arbeidsstyrken (yrkesaktiv alder 20 - 66 år) som er utanfor arbeidslivet går ned, og ligg under Sunnhordland og landet. Hittil i 2023 er del heilt ledige i Etne (gjennomsnitt per månad) på 1,1 prosent. Dette er svært lågt samanlikna med Vestland, Rogaland og Noreg.
- Talet for trafikkulukker med dødeleg utfall er lågt med 0,33 hendingar årleg. Statistikken for trafikkulukker dei siste 10 åra (2012-2021) syner at dei fleste ulukkene skjer på fylkesveg (14 stk.) og Europaveg, der Europaveg er klart størst. 25 av 36 ulukker på Europaveg er einsleg køyretøy som køyrer utanfor vegen. Dei fleste ulukkene skjer i dagslys og på bar veg.
- Etne kommune ligg betydeleg lågare i talet melde valdelege handlingar samanlikna med fylkessnittet og landssnittet.
- Jamt over hadde Etne eit lågt tal brannar i perioden 2006-2016. Talet svingar frå år til år og har ingen trend i statistikken dei siste åra.
- Luftkvaliteten i kommunen er ein god del betre samanlikna med Vestlandet og snittet på landsbasis.
- Bruken av beroligande legemidlar og sovemiddel har gått ned og ligg under landsgjennomsnittet sidan 2017-2019 og fram til i dag.

- Bruken av anti psykotiske legemidler ligg stabilt under landsgjennomsnittet.
- Etne har alltid vært litt over landsgjennomsnittet i tal på nye krefttilfelle utan at ein har funne ei årsak til dette. Lungekreft var lenge dominerande, særleg blant menn. Nå ser ein ei statistisk auke av nye krefttilfelle blant kvinner over 75 år. Menn har fallande tendens av kreft når ein ser alle kreftformer under eit. Dette gjeld særleg menn over 75 år.
- Talet på sjukehusinnlagde med hjarte-kar sjukdom har gått ned sidan 2017 og ligg under landsgjennomsnittet.
- Det er ei betydeleg auke i legemiddelbrukarar av kolesterolmedisinar i Etne kommune frå 2016 og fram til 2021. Etne ligg over landsgjennomsnittet.
- Det er betre vaksinasjonsdekning hjå eldre over 65 år mot influensa enn landsgjennomsnittet.
- Det er fall bruk av antibiotika i Etne kommune hos vaksne, og mindre bruk av antibiotika i aldersgruppa 0-4 år enn landsgjennomsnittet.
- Det er gjennomsnittleg færre i Etne som hentar ut reseptar på ADHD legemidler. Skilnaden starta i perioden 2015-2017 og fram mot 2021 med ei ganske radikal endring frå landet og alle nabokommunane. Årsaka er ukjend, men ein kan reflektere over om alle som bør ha ADHD medisin får dette.

METODIKK OG DATAKJELDER

Bakgrunnen og det juridiske rammeverket for folkehelsearbeidet i Noreg er detaljert i folkehelselova og tilhøyrande forskrifter. Lova, særleg §§ 3-5, etablerer kommunen sitt ansvar for å fremje folkehelse og førebyggje sjukdom, skade og liding. §7 krev at kommunane skal ha naudsynt oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar i befolkninga. Forskrift om oversikt over folkehelsa (FOR-2018-05-11-724) spesifiserer krava til innhaldet og prosessen for oversikta, sikrar at den er basert på oppdaterte og relevante data, og brukt i planlegging og gjennomføring av lokalt folkehelsearbeid.

Det er sett saman ei tverrsektoriell gruppe for arbeid med folkehelseoversikta. I arbeidsgruppa har kommuneoverlege, helse, oppvekst, kultur, drift, NAV, politi og SLT bidratt med statistikk og vurdering av årsakssamanhengar. Eining utvikling v/folkehelsekoordinator har organisert arbeidet og samansett oversikta. Det vart gjennomført oppstartmøte i oktober 2023, og påfølgjande arbeidsmøte i desember 2023, januar 2024 og digital gjennomgang mars 2024. Arbeidsgruppa har bidratt inn i felles arbeidsdokument i eigen teams kanal.

Som grunnlag for arbeidet er det nytta FHI sin folkehelseprofil og oppvekstprofil, ungdata undersøkinga, kunnskap frå eigen kommune inkl. elevundersøkinga, fylkeshelseundersøkinga, ulukkesstatistikk frå Statens vegvesen, statistikk frå politi, og kommunehelsa statistikkbank. Folkehelseoversikta er ei revisjon frå førre oversikt 2020-2024, der ein del av vurderingane knytt til statistikken skildrar endringa som har skjedd sidan førre oversikt.

FN sine mål for berekraft

I arbeidet med folkehelseoversikta kjem fleire av FN sine mål for berekraft til uttrykk, særleg mål som er direkte relatert til helse og livskvalitet, som mål nummer 3 om god helse. I tillegg er måla som omhandlar god utdanning (mål 4), likestilling mellom kjønna (mål 5), anstendig arbeid og økonomisk vekst (mål 8), reduksjon av ulikskapar (mål 10), og tiltak for å motverke klimaendringar (mål 13) relevante. Dette fordi desse måla ikkje berre påverkar direkte fysiske helsetilstandar, men også dei breiare sosiale og miljømessige faktorane som bidrar til god eller dårleg helse i befolkninga.

Figur 2 FN sine berekraftsmål relevante for arbeidet med folkehelseoversikta. Kjelde: FHI



Folkehelseoversikta for Vestland 2023-2027

Den regionale folkehelseoversikta identifiserer fire folkehelseutfordringar for fylket.

Figur 3 Dei fire folkehelseutfordringane for Vestland fylke. Kjelde: Folkehelseoversikta for Vestland 2023-2027.



Folkehelseprofilen for Vestland

Folkehelseprofilen for Vestland skildrar ei endring i fokus på tema frå perioden mellom førre folkehelseoversikt i Etne kommune i 2020 og til no. Fokuset har endra seg frå sosialt berekraftige lokalsamfunn, med vekt på sosial rettferd, tilgang til arbeid, utdanning, og gode nærmiljø i 2020, til helse til eldre, med særleg vekt på aukande levealder, helse og funksjon hos eldre, og konsekvensar av ein større del eldre i befolkninga i 2024.

Folkehelseprofilen for Etne

Folkehelseprofilen for Etne i 2024 legg vekt på helse til eldre. Den understrekar at det er ein høgare del unge eldre (65-79 år) i kommunen samanlikna med landsgjennomsnittet. Det blir peika på at Etne har ein lågare del innbyggjarar i hushald med vedvarande låg inntekt og høg gjeld enn landsgjennomsnittet, og at ungdomsskuleelevar oftare føler seg trygge i nærområdet om kvelden. Generelt viser trenden at eldre blir friskare og fungerer betre, men risikoen for kroniske sjukdommar og behovet for hjelp aukar med alderen. Endring i fokus på tema frå 2020 då folkehelseoversikta førre gongen vart revidert, og til no i år 2024 vert spegla likt som for fylket.

Oppvekstprofilen for Etne

Oppvekstprofilen for Etne frå 2023 viser at born og unge i kommunen generelt har gode oppvekstvilkår. Delen born som bur i hushald med vedvarande låg inntekt er lågare enn landsnivået. Ungdomsskuleelevar rapporterer høg tilfredsheit med lokalmiljøet, og delen som har høg livstilfredsheit er lik landsnivået. Under pandemien var det utsette grupper blant born og unge, som dei frå låginntektsfamiliar og born i familiar med høgt konfliktnivå, som opplevde større utfordringar. Tiltak retta mot desse gruppene er viktige for å sikre at alle barn og unge får like moglegheiter.

Manglar ved oversikta


Bruk av statistikk i ei folkehelseoversikt kan føre til visse manglar, ettersom slike data ofte gjev eit generelt bilete og kan mangle detaljar og nyansar som er viktige for fullstendig forståing. Statistikk kan vise trendar og mønster i stor skala, men det kan vere vanskeleg å identifisere individuelle behov og variasjonar innanfor befolkningsgrupper. Dette betyr at viktige mindretal eller særskilte helseutfordringar kanskje ikkje blir synlege i den overordna statistikken. Vidare kan statistiske data vere begrensa av korleis og kva som blir målt, og dermed kan dei ikkje alltid fange opp komplekse årsakssamanhengar eller gi innsikt i dei underliggjande årsakene til helseutfordringar. Difor er det viktig å bruke statistikk i kombinasjon med anna informasjon og lokalkunnskap for å få eit meir fullstendig bilete av folkehelsa.

A – SAMANSETNADEN I BEFOLKNINGA

Kven er innbyggjarane i Etne?

Innbyggjarane i Etne kommune utgjør eit samfunn med variert demografisk samansetting. Per fjerde kvartal 2023, har kommunen om lag 4 072 innbyggjarar. Det er ei lita nettoflytting til kommunen. Delen eldre i befolkninga er høgare enn landsgjennomsnittet, og dette medfører spesifikke behov og utfordringar for kommunen, særleg relatert til helse og omsorg.

Figur 4 Aldersfordeling av innbyggjarane i Etne kommune. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, SSB.



I 2024 er det totalt 380 innvandrarar frå ulike land, noko som utgjør omtrent 9,3% av den totale befolkninga på 4073. Blant desse innvandarane kjem det største talet frå Polen, med 148 personar, etterfølgt av Litauen med 91 personar. Det er òg ein betydeleg innvandrarbefolkning frå Ukraina, som består av 42 personar. Tyskland og Sverige bidreg med henholdsvis 40 og 8 personar. Den demografiske samansetninga viser det kulturelle mangfaldet som finst i kommunen, der innvandrarar utgjør ein vesentleg del av samfunnet og bidreg til ei rik samansetting av befolkninga.

Figur 5 Befolkning i dag og forventa utvikling. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, SSB.

Befolkning i dag



Forventa utvikling




Forventa utvikling



For ein distriktskommune som Etne, vil ei framtidig auke i talet på eldre kombinert med færre i arbeidsfør alder føre til utfordringar. Dette kan innebære større press på helse- og omsorgstenester og eit behov for å tilpasse infrastruktur og samfunnstenester til ein eldre befolkning. Samtidig kan det bli vanskelegare å oppretthalde nødvendige tenester og skape arbeidsplassar grunna ein mindre arbeidsfør befolkning.

Alderssammansetninga vil påverke kommunen ved å krevje meir ressursar til eldreomsorg og helsetenester. Dette kan føre til endringar i lokalsamfunnet, slik som tilpassing av infrastruktur og samfunnstenester for å støtte ein eldre befolkning. Samtidig kan alderssammansetninga utfordre økonomien, sidan færre vil vere i arbeidsfør alder, som påverkar arbeidskrafta og skatteinntekter.

Figur 6 Befolkningsframskriving i aldersgrupper. Prognose basert på 2022-tal. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, SSB.



Ønska utvikling

- Oppretthalda ein befolkningsvekst i kommunen, med positiv nettoutflytting og med fleire fødde born.
- At studentar vender heim etter studiar og kan bidra med sin kompetanse og arbeidskraft i lokalsamfunnet.
- I kommunen vil det bli ei trong for at fleire blir verande lengre i arbeidslivet, men og få fram helsefremjande og attraktive arbeidsplassar i omsorgstenesta, skular og barnehagar.
- Kunna tilby tilrettelagde bustader for eldre og at tilflyttar har ein plass og bu.
- Utvikla lokalmiljøet for å auka trivselen blant ungdom.
- Auka fysisk aktivitet blant innbyggjarane

B – OPPVEKST- OG LEVEKÅRSFORHOLD

Oppvekst- og levekårsforhold handlar om korleis befolkninga i kommunen har det i forhold til barnehagedekning, utdanningsnivå, bustadtypar, inntektsnivå eller lokalmiljø m.m. I Noreg er det generelt gode oppvekstvilkår, men mange blir utsett for belastningar som ikkje er like synlege. Det er dermed viktig at kommunar får ei lokal oversikt og ein status for situasjonen. Under denne overskrifta vil også seniorforhaldet i kommunen bli utgreidd.

Oppvekst

Ressursar

- Etne kommune har god barnehagedekning.
- Ungdomsskuleelevar i kommunen er svært godt nøgde med foreldra sine (82%), som er betre enn snittet i Noreg (73%).

- I kommunen rapporterer ungdomsskuleelevane at dei har vener dei kan stola på (62%), samanlikna med snittet i Noreg (58%).
- Dei tilsette i skulane har eit bidrag som landssnittet på læringa for 1. - 10. klasse i Etne¹.
- I elevundersøkinga 2023² seier dei fleste elevane i 5. - 7.kl at dei trivs og meistrar skulekvardagen. På alle parametranne om mobbing svarar elevane i Etne likt som landet eller betre.
- 68% av ungdomsskuleelevar i Etne kommune trur på eit godt og lykkeleg liv i framtida, medan 30% svarar dei ikkje veit. Berre 2% ser ikkje føre seg eit lukkeleg liv. Dette er omlag likt som resten av landet.
- Av elevane som gjekk ut frå 10. Klasse i 2019, har 83% fullført og greidd vidaregåande opplæring.
 - Av elevar som hadde 30 grunnskulepoeng* eller mindre, fullførte 50%.
 - Av elevar som hadde mellom 30-40 grunnskulepoeng*, fullførte 54,5% av elevane.
 - Av elevar som hadde 40 grunnskulepoeng* eller meir, fullførte 100% av elevane.
 Landssnittet for desse elevane er på 73,2%.
 *Grunnskulepoeng er summen av karakterar dividert på tal karakterar og multiplisert med 10.

Utfordringar

- Statistikk frå Ungdata junior 2024 (5.-7. klasse) viser at 32% er heilt einig eller litt einig i påstanden «Eg gruar meg ofte til å gå på skulen». På ungdomsskulen er talet 26%.
- 68% av ungdomsskuleelevane seier dei er svært eller litt nøgd med lokalmiljøet, mens 5 % er svært misnøgd. Sidan 2021 har det vore ei negativ utvikling.
- 82% av ungdomsskuleelevane rapporterer at dei er heilt eller litt einig i påstanden at dei trivst på skulen. Til samanlikning svara 85% det same ved sist Ungdata-undersøking.
- Det er få mannlege pedagogar i barnehage og skule. Pr. 15.12.2023 er det 10,8% menn i oppvekst der flest er i Enge skule og kulturskulen. Det er to menn i skulen i Skånevik, 6 i Læringsverkstedet Småfolk bhg AS og ingen i dei kommunale barnehagane.
- 8,48% av elevane i Etne får spesialundervisning i skulen. Det har vore ein liten nedgang dei siste åra frå 10,91% i 2020. Landsgjennomsnittet er 7,69%.
- Elevundersøkinga viser at elevane frå 5.-10. klasse seier dei trivs, som landssnittet.
- Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som i løpet av dei siste sju dagane har hatt mange psykiske plager ligg på 10% i 2024 mot 12% i 2021. Det er framleis jentene som er mest plaga.
- Mobbing i skulen:
 Resultata for 7. klasse er ikkje offentlege dei siste 3 åra. Dei har også vore skjult for skuleeigar i 2021 og 2022. Det er difor uråd å seia noko om utvikling. Det er registrert mobbing for 7. klasse i 2023, men del elevar som melder om mobbing er mykje lågare enn for landet. Resultata for 10. klasse var heller ikkje offentlege i 2021, 2022 og 2023. Det er difor uråd å seia noko om utvikling. Men del elevar i 10. klasse som melder at dei har vorte mobba er høgare i Etne enn for landet.
- Etne kommune manglar undersøkingar som kartlegg psykososialt miljø i barnehage.

¹ Skulebidragsindikatoren

² Utdanningsdirektoratet



Tilbod

Skule

Etne kommune har to 1-10 grunnskular. Enge skule med omlag 400 elevar, og Skånevik skule med omlag 100 elevar.

Barnehage

Det er to kommunale barnehagar og ein privat barnehage i kommunen. Enge barnehage og Skånevik barnehage er kommunale, medan Læringsverkstedet Småfolk barnehage AS er privat.

Kulturskule

Kulturskulen har aukande tilbod og elevtal innan musikk, kunst, drama m.m. både i Etne og Skånevik.

Bibliotek

Biblioteket i Etne har avdeling i Skånevik, og er svært godt besøkt, særleg av barn og unge. Utlånet per innbyggjar er heilt i landstoppen, og arrangements-aktiviteten er stor.

Ungdomsklubb

Det er ungdomsklubbar både i Etne og Skånevik, og elles eit stort mangfald av frivillige lag og organisasjonar med aktivitetar for barn og unge.

Ungdomsråd

Etne kommune har ungdomsråd med føremål å inkludera ungdom ved framtidig planarbeid, slik at dei får fram sine synspunkt, ynskje, behov og bli inkluderte på sine eigne premissar.

Familieteam

Familieteam tek i mot eit breitt spekter av problemstillingar. Dei er opptatt av å gje hjelp så tideleg som mogeleg til familiar slik at ein kan førebyggja vanskar. Familieteam kan tilby: Rettleiing til foreldre, Samtalar med born og ungdom, familiesamtalar, foreldrekurs i Circle of security, observasjon og kartlegging av samspel, Cool kids individuelt, og gruppetilbod retta mot angst.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa tilbyr norskopplæring for vaksne innvandrarak, organisert i grupper både på dag- og kveldstid. Undervisninga fylgjer nasjonale læreplanar for vaksne innvandrarak og tar omsyn til elevane sin ulike skulebakgrunn og kunnskap i norsk. Opplæringa er gratis for visse grupper, mens andre kan delta mot betaling ved ledig kapasitet. I 2023-2024 omfattar kurset deltakarak frå sju ulike nasjonalitetar.

Språk-kafé

Språk-kafé blir driven i Etne i samarbeid mellom biblioteket, Frivilligsentralen, integreringstenesta i Nav og vaksenopplæringa.

Bli Z

Bli Z er Etne kommune sin samhandlingsmodell som er utvikla for å synleggjera kor viktig det er at alle born og unge har nokon som ser dei og kan hjelpe dei om dei har det vanskeleg. Det kan vera ein ven, forelder, nabo, personale i barnehagen eller skulen, trenaren, helsesjukepleiar eller anna hjelpepersonell. Modellen byggjer på den nasjonale satsinga for Betre Tverrfagleg Innsats (BTI), med lokale tilpassingar for Etne kommune.

Uorganiserte aktivitetar

Det ligg føre fleire planlagde prosjekt for å styrka trivsel i lokalmiljøet og gje fleire tilbod innan uorganisert fysisk aktivitet.

Refleksjon

Sjølv om 82% av ungdomskuleelevene trivst, er det 26% som seier at dei ofte gruer seg til å gå på skulen. Desse resultata treng ikkje vera motstridande. Mange kan trivast godt på skulen, men likevel ha grunn til å grue seg på grunn av til dømes mobbing, sosiale eller faglege vanskar.

Kulturskulen og biblioteket er det einaste fritidstilbodet til barn og unge i kommunal regi, alle andre tilbod er avhengige av frivillig innsats.

LEVEKÅR

Ressursar

- Del born som bur i hushaldningar med vedvarande låg inntekt, er lågare enn landet. ³
- Det har vore ein liten nedgang i tal sosialhjelpsmottakarar frå 2019 – 2022, men ein auke frå 2021 – 2022. ⁴
- Det har vore ein stor reduksjon i tal unge sosialhjelpsmottakarar under 25 år frå 2019 – 2022. Det har vore ein liten auke frå 2021 – 2022. ⁵
- Del uføre i alder 18 – 67 år i befolkninga har gått ned frå 9,9 % (2019) til 9,4 % (2023). ⁶
- Del av befolkninga som har vidaregåande utdanning eller høgare utdanning ligg på 84 %, mot landet som ligg på 81 %.
- Utanforskapet går ned, det vil seia del av arbeidsstyrken (yrkesaktiv alder 20 – 66 år) som er utanfor arbeidslivet. Sist periode nærma utanforskapet seg 20 %, no er det nede på 16,5 %. Dette er ei positiv utvikling. Snittet for utanforskap i Sunnhordland er på 19,33 %, og på landsbasis 19,7 %. ⁷
- Hittil i 2023 er del heilt ledige i Etne (gjennomsnitt per månad) på 1,1 prosent. Dette er svært lågt samanlikna med Vestland, Rogaland og Noreg. ⁸
- Arealrekneskapen syner at kommunen har ein betydeleg bustadreserve. Framsyn syner at det blir laga rundt 20 nye bueiningar i året. Potensiell bustadreserve (500) vil vera tilstrekkeleg dei neste 25 åra. Det er vedteken ny bustadsosial plan som syner god bustadreserve.
- Overnattings- og serveringsverksemdar har hatt ein auke på rundt 30 % sysselsette frå 2019 til 2022. ⁹
- Byggje- og anleggsverksemd har hatt ein auke på rundt 11 % sysselsette frå 2019 -2022. ¹⁰

³ <https://www.fhi.no/he/folkehelse/folkehelseprofil/>

⁴ <https://www.ssb.no/statbank/table/12210/>

⁵ <https://www.ssb.no/statbank/table/12210/>

⁶ Statistikk NAV

⁷ Statistikk NAV


⁸ Statistikk NAV

⁹ Statistikk NAV

¹⁰ Statistikk NAV



Figur 7 fordelinga av dei sysselsette i kommunen inndelt i ulike sektorar (2019-2022).



Utfordringar

- Sosialstønad til innbyggjarar som forsørgjer barn, held seg stabil. Tal barn i familiar som mottar økonomisk sosialstønad er på 6,8 % mot 4,4 % i Vestland fylke og 5,7 % for landet. Etne kommune er likevel ikkje signifikant forskjellig frå fylket og landet.¹¹
- Del personar som er under arbeidsavklaring mellom 18 og 67 år i befolkninga har gått opp frå 2,7 % (2019) til 4,7 % (2023). Den største auken er i gruppa mellom 30 og 67 år.¹²
- Del over 45 år som leiger bustad er høgare (15,8 %) enn Vestland fylke og landet som ligg på rundt 12 %.⁽¹³⁾
- Om lag 33 % av befolkninga har høgskule eller universitetsutdanning, noko som er langt lågare enn snittet for Vestland (51%).
- Del sysselsette i alle næringar har gått ned 2,1 % frå 2019 – 2022. Det er nedgang i del sysselsette i blant anna helse- og sosialtenester (- 5 %) , varehandel og reparasjon av motorvogn (- 7 %), jordbruk, skogbruk og fiske (- 8 %) og forretningsmessig tenesteyting (- 14 %).¹⁴

Tilbod

- NAV tilbyr tenesta opplysning, råd og rettleiing som kan bidra til å løysa eller førebyggja sosiale problem. Du har rett til å få rettleiing frå NAV for å førebyggja eller løyse utfordringar med heimeforhald, bu-situasjon, omsorg for barn, arbeid eller økonomi.

¹¹ <https://www.fhi.no/he/folkehelse/folkehelseprofil/>

¹² Statistikk NAV

¹³ <https://www.fhi.no/he/folkehelse/folkehelseprofil/>

¹⁴ Statistikk NAV



- NAV tilbyr økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving om du har betalings- eller gjeldsproblem. Du kan blant anna få hjelp til å få oversikt over din økonomiske situasjon, setja opp budsjett, prioritera utgifter, få hjelp til å gjera avtalar med dei du skuldar pengar eller søkja gjeldsordning. Målet med rådgjevinga er at du skal bli i stand til å styra økonomien din sjølv.
- Du kan få rettleiing og hjelp frå NAV til å koma i jobb eller å vera i jobb. Som arbeidssøklar har du rett til å få ei vurdering frå NAV om kor mykje rettleiing og hjelp du treng. Målet er å hjelpa deg til å koma i jobb eller finna rett aktivitet for deg.
- Kvalifiseringsprogrammet gjennom NAV er for deg mellom 18 og 67 år som ynskjer å koma i jobb, men treng ekstra oppfølging for å klara det. NAV kan tilby opplæring og arbeidstrening med tett oppfølging undervegs. Hovudinnhaldet i programmet er arbeidsretta tiltak, opplæringsaktivitetar og individuell oppfølging og rettleiing.
- Kommunestyret har frå 2024 løyvd midlar som skal ivareta at alle barn skal ha moglegheit til å delta i minst éin organisert fritidsaktivitet.
- Spira utvikling for tilrettelagte arbeidsplassar.
- Startlån og husbanklån: Startlån og tilskot frå Husbanken er tiltenkt for å støtte personar som har utfordringar med å komme inn i bustadmarknaden. Kriteria for å motta slikt lån inkluderer låg inntekt, behov for stabil bustad for familiar med barn, personar med økonomiske vanskar som kan miste bustaden sin, samt personar med helseutfordringar eller nedsett funksjonsevne som krev bustadtilpassingar. Tilskot er strengt behovsprøvd og kan gi støtte til etablering og bustadtilpassingar for dei med varig låg inntekt.

Refleksjonar

- Kommunen starta med busetjing av flyktningar igjen i 2022, og dette forklarar auken i økonomisk sosialhjelpsmottakarar frå 2021 – 2022.
- Noko av reduksjonen i unge på økonomisk sosialstønad kan forklarast med auken i unge som er under arbeidsavklaring.
- Fleire og fleire kjem seg i jobb, og tala for utanforskap har dermed krympa betydeleg dei siste åra. Dette blant anna grunna ein stram arbeidsmarknad med låg ledigheit og høg etterspørsel etter arbeidskraft.
- Det at sysselsetting har gått litt ned frå 2019 – 2022 kan ha med utfordring med rekruttering å gjera. Spesielt nedgangen i helse- og sosialtenester vil ein gå ut i frå har med mangel på arbeidskraft å gjera. Dette kan skapa utfordringar på sikt, då denne sektoren i framtida vil ha behov for meir ressursar grunna aldrande befolkning.
- At færre i kommunen tek høgare utdanning kan vere grunna i at det er gode arbeidsmoglegheiter for dei som vel fagbrev.

SENIORFORHOLD

Det er forventa ein auke i tal og prosentdel eldre i kommunen i åra framover. I eit velferdssamfunn som Noreg blir eldre ofte definert å være over 65 år. Ein deler i yngre-eldre (65 -79 år) og eldre-eldre (80+ år)¹⁵. Med ei aldrande befolkning vil det bli fleire skrøpelege eldre med helseproblem og funksjonsnedsetjing, sjølv om mange også vil ha ei god helse. Eldre si helse og funksjon vil bli stadig viktigare i eit folkehelseperspektiv.

¹⁵ [Helse hos eldre - FHI](#)



Ressursar

- Levealderen i Etne kommune er lik som i Vestland og nasjonalt.¹⁶
- Pårørnde- og brukarundersøking utført for personar i institusjon og heildøgns bemanna bustadar i 2021, utført av Bedrekommune.no. Resultata viser at brukarar og pårørnde er nøgde med tilbodet.

Utfordringar

- Befolkningsframskrivingane fram mot 2050 visar ein auke i tal på eldre i både tal og del av befolkninga.¹⁷
- Forventa auke i tal på personar med demens. Estimatet viser om lag 100 % auke i tilfelle med demens i perioden 2020-2050, frå 104 til 211 personar.¹⁸
- Dårlig kollektivtilbod i kommunen, uendra frå førre Folkehelseoversikt.
- Periodevis venteliste for langtids plass på sjukeheim, som fører til feil utnytting av korttids plass og heildøgns bemanna bustadar.

Tilbod

- Moderne omsorgssenter i Etne med velferdsteknologi. I 2023 er det 33 sjukeheims plasser som er fordelt på langtid, korttid/rehabilitering og demensavdeling.
- Bemanna og ubemanna omsorgsbustadar i Etne. Omsorgsbustadar er lokalisert i sentrum, nær helse og omsorgstenester og servicetilboda som ligg der.
- Skånevik omsorgssenter har bemanna omsorgsbustadar.
- Det er lagt til rette for etablering av område for bustadar med livsløpsstandard i sentrum av Skånevik og Etne.
- Tenestekontor for helse og omsorgstenester som forenkler kontakt mellom innbyggjar og Etne kommune.
- Godt etablert Frivilligsentral som har mange ulike tilbod til eldre i både Etne og Skånevik.
- Frivillige lag og organisasjonar for eldre og/eller med tilbod til eldre.
- Frokost ved fjorden på Åkrafjordtunet.
- Dagsenter for eldre. Planlagt å utvida til 5 dagar i veka i 2024.
- Den kulturelle spaserstokken: Tilskotsordning til kunst- og kulturformidling til personar over 70 år.
- Førebyggjande heimebesøk med helsepersonell er eit tilbod til alle heimebuande innbyggjarar som fyller 80 år, som ikkje mottek helsehjelp i heimen. Tenesta inneber individretta råd og rettleiing med føremål om å bevare ein persons funksjonsevne og helse. Heimebesøket er gratis og frivillig. Det vert sendt ut informasjonsskriv til alle som fyller 75 år med tips/råd og – kontaktinformasjon om ein ynskjer kontakt med førebyggjande tenester.

Refleksjonar

- For at eldre skal klara seg i eigen heim lengst mogleg, er det viktig at ein legg til rette eigen bustad og planlegg for eigen alderdom.
- Bu nærare sentrum der ein har nærleik til servicetilbod, kulturtilbod og helse- og omsorgstenester. Det vil truleg letta kvardagen for den einskilde og førebyggja einsemd.

¹⁶ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](https://www.fhi.no)

¹⁷ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](https://www.fhi.no)

¹⁸ [Demenskartet – Aldring og helse](#)



- Dårleg kollektivtilbod kan føra til isolasjon, og manglande moglegheit for å delta på tilbod. Dette kan på sikt føra til helseplager og auka behov for helse- og omsorgstenester.
- Mange eldre kontaktar ikkje kommunen før dei har store behov for helse- og omsorgstenester. Med tidleg kontakt og førebyggjande tiltak i heimen, kan mange klara seg på ein god og trygg måte lengre, og ha mindre behov for institusjonsplass.
- I framtida vil tilbod til personar med kognitiv svikt og demens vera viktig.
- Det vil bli behov for innovasjon og gode digitale løysingar i framtida¹⁹.

C - FYSISK, BIOLOGISK, KJEMISK OG SOSIALT MILJØ

Fysisk miljø handlar om utemiljøet i form av trafikk/forureining, tilgang på grøntområde, osb. Men det handlar også om klimaendringar og naturvern. Vern mot smittsame sjukdommar er eit viktig folkehelseiltak. Oversikta bør samordnast med smittevernlova §§ 7-1 og 7-2. I tillegg går til dømes drikkevasskvalitet og radon inn under biologisk og kjemisk miljø. Biologisk og kjemisk miljø omfattar alle biologiske og kjemiske faktorar som påverkar helsetilstanden i samfunnet.

Det sosiale miljøet kan vere all sosial aktivitet som går føre seg og er tilgjengeleg for innbyggjarane i kommunen. Det sosiale miljøet handlar og om kva for arenaer som er tilgjengelege, til dømes uformelle møteplassar eller universelt utforma område.

FYSISK MILJØ

Ressursar

- Luftkvaliteten i kommunen er ein god del betre samanlikna med Vestlandet og snittet på landsbasis. I Etne er luftkvaliteten på 2,8 (µg/m³), i Vestland er den på 4,4 (µg/m³) medan den på landsbasis er på 5,4 (µg/m³) (1).
- Miljødirektoratet sin statistikk viser at Etne kommune hadde eit samla utslepp på 36 500 CO₂ ekvivalentar i 2018. Dei tre største forureinande sektorane var jordbruk (48%), vegtrafikk (42%) og sjøfart (5%). Den totale mengda har gått litt ned dei siste åra (1). Sektoren med størst nedgang i utslepp er sjøfart.
- Allsidig kommune med fjord og fjell, grønt areal og mange turstiar. Fleire dediserte formål til friluftsansett.

Utfordringar

- Det meste av trafikkstøy kjem frå E134 og støykarta viser at det er ein god del husstandar som ligg i både gul og raud støysoner. Det er kjent at vedvarande støy er dårleg for helsa jamfør T-1442 (støyretteleiren). Elles kjem det ein del utfordringar med industriområdet på Tongane i Etne.
- Ei spørjeundersøking frå 2019 (ungdata, 2019) viser at 31 % var nøgde med kollektivtilbodet i Etne kommune. Til samanlikning er snittet i Vestland fylke på 60 % og på landsbasis 63 %.
- Det er venta klimaendringar for vestland fylke, som tilseier ei temperaturauke, auka nedbør og reduksjon i snømengd. I tillegg er det venta meir ekstremvær i form av nedbør og vindar som og fører til auka ras/skred- og flaumhendringar. Åkrafjorden var blant dei som hadde flest skredhendringar i Vestland (2018).
- Etne kommune er kjent med støy og støv-problematikk kring Tongane.

¹⁹ [NOU 2023: 4 - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Tilbod

- Vera aktiv med å setja i gang tiltak som beskrive i klima og energiplan som reduserer klimautslepp og klimavennlege energikjelder.

Refleksjon

- Støv og støy i Etne er som regel knytt til vegtransport med større køyretøy som passerer fleire gonger dagleg på E134 (1).
- Det dårlege kollektivtilbodet kan vera i samanheng med at Etne er ein utkantkommune, som gjer at eit samarbeid mellom Skyss og Kolumbus ikkje er optimalt.
- Klimaendringar fører til eit varmare og våtare klima generelt på Vestlandet.

BIOLOGISK OG KJEMISK MILJØ

Ressursar

- Det er lite utbreidd med smittsame sjukdommar i Etne.²⁰
- Det er betre vaksinasjonsdekning hjå eldre over 65 år mot influensa enn landsgjennomsnittet.²¹
- Det er stabil og god drikkevasskvalitet i Etne kommune. Lekkasjar på leidningsnettlet ligg på ca. 30 %. Tiltak dei siste åra og tryggjar leveringssikkerheita (4).
- Det er få område i kommunen med radon over anbefalt nivå. Det er utført radonmålingar i barnehagane, skular, institusjonar og utleigebustader. Etne kommune har etter målingar ikkje funne avvik. Tidlegare tiltak har hatt effekt. (Internkontrollsystem/(5))
- Det er fall bruk av antibiotika i Etne kommune hos vaksne, og mindre bruk av antibiotika i aldersgruppa 0-4 år enn landsgjennomsnittet.²²

Utfordringar

- Blant dei smittsame sjukdomane er det overvekt av infeksjonar knytt til mat- og vassboren smitte i Etne, forutan åra 2020-2022 der Covid-19 dominerte.
- Få av dei som er tilrådd vaksinasjon mot Covid-19 har tatt vaksine i 2022 og 2023²³
- Avgrensa kapasitet på leveranse frå Etnesjøen vassverk.

Tilbod

- Etne kommune har interne rutinar og gjennomfører anbefalte legionella førebyggjande tiltak, som vassanalysar i faste intervall. Det er ikkje registrert avvik (Internkontrollsystem)
- Ny Smittevernplan for Etne kommune i løpet av 2024.

Ønska utvikling

- God kontroll av drikkevasskvalitet både i kommunen og i private vasskjelder, samt auka kapasitet med bygging av nytt hovudvassverk for Etnesjøen vassverk som er framtidsretta for næring og private abonnentar.
- Bidra til godt inneklima på kommunale bygg med fokus på fagleg kompetanse til forebyggjande reinhald og vedlikehald.
- Universelt utforma bygg og anlegg.

²⁰ [MSIS Statistikk - folkehelseinstituttet](#) 11.12.2023

²¹ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](#) 11.12.2023

²² [Kommunehelsa \(fhi.no\)](#) 11.12.2023

²³ [FHI SYSVAK statistikkbank](#) 11.12.2023



Refleksjon

- Smittsamt sjukdomar er eit folkehelseproblem i mange land, men er lite dominerande i Etne kommune. Det påverkar mest einskilde personar med periodar med sjukdom av varierende lengde.
- Pandemi er krevjande for heile verda, og har også prega Etne samfunnet i perioden 2020-2022. Ei god beredskapsplanlegging er nødvendig for dempe konsekvensar av ekstraordinære situasjonar som pandemi.

SOSIALT MILJØ

Ressursar

- I Ungdata24 seier 60% av ungdomsskuleelevane i Etne at dei er med på organiserte fritidsaktivitetar.
- 80 % av ungdomsskuleelevane i Etne trenar minst kvar veke.
- Del av elevane på ungdomstrinnet som er nøgde med lokalmiljøet der dei bur ligg på 68%. Til samanlikning svara 77% det same i Ungdata21.

Utfordringar

- I Ungdata24 seier 60% av ungdomsskuleelevane i Etne at dei er med på organiserte fritidsaktivitetar. Dette er 5 % fleire enn i 2021.
- Del ungdomsskuleelevar som er med i organisasjonar, klubbar eller lag på fritida er 60%. Dette er ein auke på 5% sidan 2021.
- Ungdata21 viser at 45 % av ungdomsskuleelevane deltok ikkje i organisert fritidsaktivitet. I 2024 har delen blitt redusert til 41 % (Ungdata24).
- Medlemsutvikling i Etne kommune 2019 – 2024:
 - Idretts- og skyttarlag - frå 1580 til 1388 (inkl. vaksne og passive medlemmer), 12 % reduksjon.
 - Kor og korps - frå 110 til 89 (inkl. Vaksne), 19% reduksjon.
 - Barne- og ungdomsorganisasjonar (deltakarar, ikkje berre medlemmer) - frå 221 til 311, opp 40%.
- Old river saloon la ned drifta i 2023, dette var ein viktig sosial møteplass for unge vaksne. I 2024 er drifta starta opp att.
- Ny type sosial møteplass gjennom skjerm er lite oversikteleg.

Tilbod

- Folk i Etne har mykje å velja i og stort mangfald i forhold til friluftsliv.
- Etne har mange sosiale møteplassar. Desse blir brukt som samlingsstad, arrangement og aktivitet for folk i ulike aldrar.
- Kulturskulen og Ung Kultur Møtes (UKM) gir barn og unge sosialt fellesskap og meistring gjennom utøvande kultur.
- Biblioteket i Etne fungerer som møteplass, særleg for barn og unge. Arrangementa samlar ulike aldersgrupper, og tilbodet "Open fritid" i samarbeid med Frivilligsentralen tilbyr gratis aktivitetar på ettermiddagstid.
- Ungdomsklubbar både i Etne og Skånevik, drivne av elevar og foreldre i samarbeid med Frivilligsentralen
- Eit svært aktivt og mangfaldig kultur og organisasjonsliv. 100 registrerte frivillige lag og organisasjonar, og dugnadsanda er sterk.

- Store arrangement som Etnemarknaden, Skånevik Bluesfestival, Kulturnatt, Etne Cup, Pippifestivalen og Englebarn og bøllefør, Frukost ved Fjorden mfl. er også viktige møteplassar for felles kulturopplevingar.

Refleksjon

- Det er høgare del ungdomsskuleelevar som er med i organisert fritidsaktivitet enn fylket og landet. Kommunen ynskjer at flest mogleg er med på organisert fritidsaktivitet. Dette på grunn av alle dei førebyggjande faktorane det har med seg i forhold til fysisk og psykisk helse, utanforskap, integrering, mobbing osv.
- Utenforskap og utestenging frå private festar er ein risiko når det er færre opne sosiale arenaer.

D – SKADER OG ULUKKER

Kva for type skader og ulukker blir innbyggjarane utsett for. Korleis skjer ulukkene? Kven blir ramma? Ei oversikt over desse spørsmåla kan gi auka merksemd om førebygging og meir treffsikre tiltak.

Ressursar

- Etne kommune ligg betydeleg lågare i tal melde valdelege handlingar samanlikna med fylkessnittet og landssnittet. Tal valdelege handlingar frå 2016-2019 er i snitt på 6,7. Under valdsaka registrerer ein blant anna kroppskrenking, kroppsskadar, mishandling i nære relasjonar og drap.
- Gjennomsnitt årleg tal ulukker i kommunen er på 6,8 (tal frå 2001-2018) (1). Samanlikna med nabokommunar er snittet følgjande: Sveio (11,2), Bømlo (10,3), Stord (17,6), Kvinnherad (10,4) og Odda (15,11).
- Talet for trafikkulukker med dødeleg utfall (SVV) er lågt med 0,33 hendingar årleg (1). Samanlikna med nabokommunar har Etne kommune lågast tal med unntak av Bømlo (0,22).
- Jamt over hadde Etne eit lågt tal brannar i perioden 2006-2016. Talet svingar frå år til år og har ingen trend i statistikken dei siste åra (1).
- Statistikken for trafikkulukker dei siste 10 åra (2012-2021) syner at dei fleste ulukkene skjer på fylkesveg (14 stk.) og Europaveg, der Europaveg er klart størst. 25 av 36 ulukker på Europaveg er einsleg køyretøy som køyrer utanfor vegen. Dei fleste ulukkene skjer i dagslys og på bar veg (4).

Utfordringar

- Tal personar i slåsskamp har auka. Det gjeld tilfella både med og utan våpen (2).
- **Ungdata24 viser at 28% av ungdomsskuleelevane siste året har opplevd at ein anna ungdom har slått, sparka, rista hardt, lugga eller liknande.**

Tilbod

- Krisesenter Vest : Etne kommune har avtale med krisesenter Vest for å ivareta personar i kommunen som er utsett for vald eller truslar- og vald i nære relasjonar. Krisesenteret tilbyr midlertidig opphald, samtalar og støtte basert på individuelle behov. Den enkelte kan ta direkte kontakt sjølv med krisesenteret. Etne kommune har ein valdskontakt i psykisk helse og rustenesta som har direkte kontakt med Krisesenter Vest for overordna samarbeid.
- Lågterskeltilbod psykisk helse: Psykisk helse- og rustenesta tilbyr nødvendig helsehjelp om du har utfordringar med di psykiske helse og/eller rus. Tenesta er eit lågterskeltilbod, det vil seie at du treng ikkje tilvising frå lege, men kan ta direkte kontakt sjølv. I saman med deg vil spesial sjukepleiar psykisk helse vurdere kva tilbod som passar. Tenesta tilbyr rettleiing, støttesamtalar, kognitiv terapi, miljøterapi, miljøarbeid i heim, hjelp til rusutfordringar og arbeid og aktivitetstilbod.

- Psykososialt kriseteam: Kommunen har eit overordna ansvar for å ivareta innbyggjarane i kommunen med psykososial oppfølging i samband med kriser, ulykker og katastrofar. Kommunen sitt psykososiale kriseteam, skal virka til at enkeltpersonar, familiar eller lokalsamfunn får tilbod om forsvarleg psykososial oppfølging og støtte frå det ordinære tenesteapparatet dersom uventa alvorlege hendingar oppstår.
- Politikontakten: i 2018 fekk alle kommunar tildelt ein politikontakt, som er med å styrke det førebyggjande arbeidet i lokalsamfunna.
- Nettpatruljen: Politiet sin nettpatrulje gir råd og rettleiing om kriminalitet på internett.

Refleksjon

Statistikken for trafikkulukker syner at det skjer flest ulukker der einslege køyretøy køyrer utfor vegen på dagtid og på bar veg. Dette kan ha samanheng med kvalitet på vegane og hastigheit. Statistikken syner i ein 10 års periode, der det samstundes har skjedd noko oppgraderingar på vegen.

E-F – HELSERELATERT ÅTFERD OG HELSETILSTAND

Helsetilstanden i Etne kommune er god, men det er utfordringar knytt til helserelatert åtfærd som bruk av rusmidlar, alkohol og tobakk i kommunen. Dette kan på sikt medføre helseplager og sjukdommar som reduserer forventade levealder og livskvalitet. Med ei befolkningsframskriving som visar ei aldrande befolkning i kommunen vil førebygging av sjukdom stå sentralt for at den einskilde skal klare seg godt i alderdommen.

Ressursar

- I Etne svara 8% av ungdomsskuleelevane at dei har vore rusa på alkohol siste året. Dette er ein nedgang sidan Ungdata21, då talet var 12%. Dette er lågare enn landsgjennomsnittet.
- 13,3% av vaksne menn og kvinner (samla) opplyser at dei drikk 2 gonger i veka eller oftare, mot 21,5% i Vestland Fylke²⁴.
- 2% av 13-16 åringane i Etne opplyser i Ungdata24 at dei har forsøkt cannabis siste året, mot 4% på landsbasis.
- 17 åringane i Etne rapporterer om mindre overvekt og fedme på nettbasert sesjon enn landsgjennomsnittet, og tendensen er fallande siste åra²⁵.
- Det blir skriva ut mindre legemidlar mot Diabetes type 2 enn elles i landet²⁶.
- Psykiske lidningar og symptomdiagnosar frå primær helsetenesta visar at det er stabile og lett fallande tal blant dei i aldersgruppa 0-14 år, og ein følgjer land og fylkesgjennomsnittet²⁷.
- 68% av vaksne menn og kvinner i Etne opplyser at dei har god eller svært god helse, mot 70% i Vestland Fylke generelt²⁸.
- Det er ei betydeleg auke i legemiddelbrukarar av kolesterolmedisin i Etne kommune frå 2016 og fram til 2021. Etne ligg over landsgjennomsnittet²⁹.

²⁴ [fh-us-vestland-2022_kommunetabellar_bydelstabellar-bergen.pdf \(vestlandfylke.no\)](#)

²⁵ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](#)

²⁶ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](#)

²⁷ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](#) 12.02.2024

²⁸ [fh-us-vestland-2022_kommunetabellar_bydelstabellar-bergen.pdf \(vestlandfylke.no\)](#)

²⁹ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](#)



- Talet på sjukehusinnlagde med hjerte-kar sjukdom har gått ned sidan 2017 og ligg under landsgjennomsnittet³⁰.
- Bruken av beroligande legemiddel og sovemiddel har gått ned og ligg under landsgjennomsnittet sidan 2017-2019 og fram til i dag³¹.
- Bruken av anti psykotiske legemiddel ligg stabilt under landsgjennomsnittet³².

Utfordringar

- Aukande skjermtid hos unge i heile landet. Etne kommune ligg like under landssnittet i 2021³³. Ungdom som brukar meir enn 4 timar skjerm per dag har auka frå 35% til 45% frå 2019 til 2021. Nye tal kjem hausten 2024.
- 8,1% av vaksne menn i Etne opplyser at dei røyker dagleg, mot 7,0% i Vestland Fylke. For vaksne kvinner er talet 7,1% mot 7,2% i fylket³⁴.
- 3% av ungdommen (13-16 år) i Etne opplyser at dei røyker dagleg eller kvar veke, mot 2% på landsgjennomsnittet³⁵.
- 17-åringane som opplyser at dei trenar sjeldnare enn ein gong i veka er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået, vurdert etter resultatata frå nettbasert sesjon 1 for gutar og jenter³⁶, men trenden er aukande etter 2020/2021.
- Vaksne i Etne opplyser at dei er mindre fysisk aktive enn gjennomsnittet i Vestland fylke³⁷.
- Auke i bruk av primærhelsetenesta (lege og fysioterapi) for muskel og skjelett plager (utan brot og skader), særleg stor auke hos jenter i alderen 0-14 år, og menn i aldersgruppa 45-74 år³⁸.
- Førekkomsten av kreft er over landsgjennomsnittet. Det er særleg kreft i fordøyelsesorgan hos kvinner over 75 år som aukar³⁹.
- 11% av menn i Etne opplyser at dei har søvnproblem, mot 9,6% av menn i Vestland Fylke⁴⁰.
- Hjarte-Kar sjukdom som årsak til dødelegheit har steget til over landsgjennomsnittet frå 2017 og fram mot 2022⁴¹. Ein ser at Etne kommune ligg over landsgjennomsnittet for tidleg død av hjarte-kar sjukdom hos menn under 75 år.
- Bruken av antidepressiva hos kvinner i Etne har auka, og ligg over landsgjennomsnittet⁴².
- Bruk av ADHD legemiddel er betydeleg lågare i Etne kommune enn i både fylket og landet forøvrig⁴³.
- Det er ei auke av kontakt med primærhelsetenesta for psykiske lidningar og symptom blant kvinner i Etne kommune. Særleg auke av angstlidningar hos kvinner i aldersgruppene 25-74 år, og angst og depresjonssymptom i aldersgruppa 15-24 år.

³⁰ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](https://www.fhi.no)

³¹ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](https://www.fhi.no)

³² [Kommunehelsa \(fhi.no\)](https://www.fhi.no)

³³ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](https://www.fhi.no)

³⁴ [fhus-vestland-2022 kommunetabellar bydelstabellar-bergen.pdf](https://www.fhus-vestland-2022.kommunetabellar.bydelstabellar-bergen.pdf) (vestlandfylke.no)

³⁵ [Finn Ungdata-tall for ungdomsskolen - Ungdata](https://www.finn-ungdata-tall-for-ungdomsskolen-ungdata)

³⁶ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](https://www.fhi.no)

³⁷ [fhus-vestland-2022 kommunetabellar bydelstabellar-bergen.pdf](https://www.fhus-vestland-2022.kommunetabellar.bydelstabellar-bergen.pdf) (vestlandfylke.no)

³⁸ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](https://www.fhi.no) 12.02.2024

³⁹ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](https://www.fhi.no)

⁴⁰ [fhus-vestland-2022 kommunetabellar bydelstabellar-bergen.pdf](https://www.fhus-vestland-2022.kommunetabellar.bydelstabellar-bergen.pdf) (vestlandfylke.no)

⁴¹ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](https://www.fhi.no)

⁴² [Kommunehelsa \(fhi.no\)](https://www.fhi.no)

⁴³ [Kommunehelsa \(fhi.no\)](https://www.fhi.no)



Tilbod


- Svangerskapsoppfølging av jordmor og lege.
- Lågterskeltilbod med oppfølging i helsestasjon og skulehelsetenesta av barn, unge og familiar som strevar.
- Lågterskeltilbod psykisk helse: Psykisk helse- og rustenesta tilbyr nødvendig helsehjelp om du har utfordringar med di psykiske helse og/eller rus. Tenesta er eit lågterskeltilbod, det vil seie at du treng ikkje tilvising frå lege, men kan ta direkte kontakt sjølv. I saman med deg vil spesial sjukepleiar psykisk helse vurdera kva tilbod som passar. Tenesta tilbyr rettleiing, støttesamtalar, kognitiv terapi, miljøterapi, miljøarbeid i heim, hjelp til rusutfordringar og arbeid og aktivitetstilbod.
- Familieteam, interkommunalt samarbeid med Vindafjord kommune (frå 2024)
- Frisklivstilbod, personar som av ulike orsakar strevar med å ta vare på eiga helse.
- Fysio og ergoterapi; til personar som av ulike årsaker treng hjelp til å førebyggja eller gjenvinne funksjon etter sjukdom eller skade. Ergo- og fysioterapi - Etne kommune og Etne Fysioterapi og trening Etne Treningssenter).
- Buteneste for personar med ulike funksjonshemmingar.
- Helse og omsorgstenester. Kontakt gjennom Tenestekontoret i Etne kommune.
- Fastlegeteneste
- Koordinerande eining Koordinerande eining i Etne kommune.
- Tannhelseteneste.

Refleksjon

- Fysisk aktivitet forebygger sjukdom og plager, gir betre fysisk funksjon, fleire friske leveår og forebygger for tidleg død. I pandemien var ungdom meir aktive, men i tida etter pandemien ser ein at ungdom trenar sjeldnare og fell frå organisert aktivitet. Det er også ei generell auke i passiv skjerm tid som bidreg til auka stillesitting. Sjølv om ein i Etne ser mindre fedme og overvekt blant 17 åringane på sesjon nå, så vil ein i framtida kunne forvente dette som eit auka helseproblem. Vaksne i Etne er også generelt mindre aktive enn den gjennomsnittlege vestlendingen og fokus på folkehelseiltak som treff heile befolkninga blir viktig.
- I Etne ser me at ungdommane (begge kjønn samla) røyker meir enn landsgjennomsnittet, og i Folkehelseundersøkinga ser me at vaksne menn i Etne røyker meir enn andre Vestlendingar, dei brukar like mykje snus som «samfylkingar». Rundt 6000 menneske dør på grunn av røyking kvart år i Noreg. Hjarte- og karsjukdomar er den hyppigaste dødsårsaka. I Etne er denne høgare enn landssnittet, og særleg blant menn under 75 år. Røyking doblar risikoen for hjerneslag. I tillegg forårsakar røyking KOLS og fleire typar kreft.
Røyking er den største risikofaktoren for tapte leveår i befolkninga. Nær halvparten av storrrøykarane dør før dei har vorte 70 år.
- Sjølv ved å drikke små mengder alkohol dagleg, aukar risikoen for fleire helseskadar og sjukdomar. Dette gjeld blant anna fleire kreftformer, høgt blodtrykk, hjerneslag og leversjukdom. Høgt forbruk av alkohol over tid aukar risikoen for sjukdomar i hjernen og i nervesystemet, høgt blodtrykk, hjerneslag, fleire former for kreft, leversjukdomar, betennelse i bukspyttkjertelen og hjarterytmeforstyrring.
- Det har dei sidan 2016 vore ei generell nedgang i hjarte-kar sjukdom i Noreg og i Etne. Frå 2016 blei det ei auka bruk av førebyggjande medisinar som kolesterolsenkande i Etne. Årsaka til dette er ukjend. Ein ser at talet på sjukehusinnleggingar frå kommunen har gått meir ned enn landsgjennomsnittet frå 2017, men dødstala er auka i same periode. Utbredelsen av risikofaktorar som røyking og fysisk inaktivitet tyder på at sjukdommane vil ramme mange i framtida.

- Etne har alltid vært litt over landsgjennomsnittet i tal på nye krefttilfelle utan at ein har funne ei årsak til dette. Lungekreft var lenge dominerande, særleg blant menn men dei siste åra har dette falle ned (sjølv om ein ikkje er nede på landssnittet). Røyking er den primære risikofaktoren for lungekreft, men også karsinoger frå for eksempel arbeidsliv er ein viktig risikofaktor.
- Nå ser ein ei statistisk auke av nye krefttilfelle blant kvinner over 75 år. Menn har fallande tendens av kreft når ein ser alle kreftformer under eit. Dette gjeld særleg menn over 75 år. Unntaket i denne klassen er Prostatakreft, der ein ligg over landssnittet på tal nye tilfelle. Det kan være genetisk årsak (oppheving i enkelte familiar), men også knytt til fastlegane si haldning til blodprøven PSA. Bruk av PSA som screeningmetode for prostatakreft er fagleg omstridt.
- Etne ligg godt under gjennomsnittet for både Vestland og landet forøvrig når det gjeld diabetes medisiner, men også her er trenden gradvis aukande. Det er ikkje bruken av insulin som er aukande, og behandlinga er dermed knytt til Type 2 diabetes eller fedme behandling. Type 2 diabetes er oftast forårsaka av metabolsk syndrom som er sterk knytt til overvekt og fedme. Ved metabolsk syndrom og diabetes type 2 aukar faren for sjukdom i andre organ som for eksempel hjarte-kar sjukdom, nyresvikt og synsproblem.
- Det er gjennomsnittleg færre i Etne som hentar ut reseptar på ADHD legemidlar. Skilnaden starta i perioden 2015-2017 og fram mot 2021 med ei ganske radikal endring frå landet og alle nabokommunane. Årsaka er ukjend, men ein kan reflektere over om alle som bør ha ADHD medisin får dette. Er det færre i Etne som får diagnosen? I så fall kvifor? Er det avstanden til BUP og Haugaland DPS som betyr noko? Henvisar me nok til spesialisthelsetenesta? Gjer me andre tiltak i kommunen som bidrar til mindre behov for medisiner? Har me nok kunnskap om ADHD i helsetenesta, oppvekstsektoren og befolkninga? Er ADHD ei stigmatisert diagnose i Etne, som gjer at personar eller foreldre til barn med ADHD ikkje hentar ut medisinar?

Figur 8 Legemiddelbrukarar, kjønn samla, 0-74 år. per 1000, standardisert.



- I Etne har me mindre psykiske lidningar enn i landet forøvrig, men me ligg over gjennomsnittet i vestland fylke. Trenden har likevel vore sterkt negativ i perioden 2018-2020, særleg for kvinner. I aldersgruppa 15-24 år er det mange fleire som nå nyttar seg av primærhelsetenesta for symptom knytt til angst og depresjon, enn tidlegare. Det er færre eldre kvinner som har symptom, men me ser ei auke av lidningar innanfor det same registeret. Dette kan skuldast endringar i korleis ein set diagnoser eller meir bruk av verktøy for diagnostikk.

REFERANSELISTE

A – KVEN ER INNBYGGARANE I ETNE?

- (1) Vestlandet fylkeskommune, folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027
<https://storymaps.arcgis.com/collections/8965107e85b3401db4c7a8a40d0711a3>
- (2) SSB, Etne kommunefakta:
<https://www.ssb.no/kommunefakta/etne>

B – OPPVEKST OG LEVEKÅR/SENIORFORHOLD

- (1) Ungdomsskuleelevar i Etne kommune:
<https://www.ungdata.no/kartside/>
- (2) SSB, Etne kommune (kommunedata):
<https://www.ssb.no/kommunefakta/etne>
- (3) Helsedirektoratet:
<https://www.helsedirektoratet.no/tema/sykehjem-og-hjemmetjenester/forebyggende-hjemmebesok-i-kommunen>
- (4) Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUFDIR)
https://bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Barnefattigdom/#/1211
- (5) Statistikk i vest, data til folkehelseoversikt:
<https://statistikk.ivest.no/hf/>

C – FYSISK, BIOLOGISK OG KJEMISK MILJØ

- (1) MSIS: [FHI SYSVAK statistikkbank](#)
- (2) Kommunehelsa statestikkbank: [Kommunehelsa \(fhi.no\)](#)
- (3) Drikkevannsforsyning (K, inndeling per 1.1.2020) – tilfredsstillende resultater, prosent:
<http://khs.fhi.no/webview/>
- (4) Radon:
<https://www.dsa.no/radon>

D – SKADER OG ULUKKER

- (1) Vestland fylkeskommune, statistikk i vest (Skadar og ulukker):
<https://statistikk.ivest.no/hf/>
- (2) Ung data 2019:
<http://www.ungdata.no/Fylker-og-kommuner/Hordaland/Etne>
- (3) [Trendrapport Etne 2019, Ungdata](#)
- (4) [Vegdata.no](#)

E-F HELSERELATERT ÅTFERD

- (1) Statistikk i vest: [Kunnskapsgrunnlag folkehelse - Vestland fylkeskommune](#)
- (2) Ung data 2021: [Finn Ungdata-tall for ungdomsskolen - Ungdata](#)
- (3) Kommunehelsa statestikkbank: [Kommunehelsa \(fhi.no\)](#)
- (4) Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022: [fhus-vestland-2022_kommunetabellar_bydelstabellar-bergen.pdf \(vestlandfylke.no\)](#)

